

Kletten



FAKTA

Trimpoeng:	4
Høgde over havet:	130 m
Lengd merka løype:	0,7 km
Stigning merka løype:	129 m
Underlag/terreng:	Myr, berg, torv
Signeringar i 2013:	1732

OM STADEN

Kletten er toppen med klart flest signeringar dei siste åra. Dette takka vere ein gjeng spreke herremenn busett ved foten av fjellet som tek turen bortimot kvar dag. På grunn av den omfattande og imponerende bruken av løypa, er det ved normale vêrtilhøve litt gjørmete og vått oppover trakket. Sett vekk i frå dette, er det ein flott tur langs ryggen som er mindre krevjande enn første og siste del av turen. På toppen er det ein linkstasjon for Internett her i området. Frå Kletten har du alle toppane på Sandsøya og Voksa på eitt brett. Frå venstre mot høggre ser du Voksehaugen, Kulen, Rinden, Hellandsfjellet og Grøntua. Lengst til høggre har du Sandshamna.

TURALTERNATIV

Den offisielle løypa går frå inst i sjølve Flødevika like etter bakken ned frå Myklegardkrysset. Herfrå går det jamt oppover, først over ei trapp over utmarksgjerdet, og deretter kjem eit par andre godt opptrakka stiar inn i den merka løypa, totalt **0,7 km**. Det er også mogleg å gå opp frå Voren (sydsida), men her er det ikkje merka løype.

BILETE

